



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Skulekorpsdirigent - 30,81% vikariat

Stillingsinformasjon

Vikariat som dirigent og instrumentallærer for Rossland skulekorps. Faste øvingar torsdag ettermiddag på Rossland skule, og andre aktivitetar som konsertar og konkurransar gjennom skuleåret.

Arbeidsoppgåver

Planlegging og gjennomføring av skulekorpsøvingar, konsertar, konkurransar og andre aktivitetar. Langsiktig arbeid med opplæring i større og mindre grupper, både nybyrjarar og elevar som har spelt lenge, samarbeid med andre instrumentallærarar og skulekorpsstyret.

Kvalifikasjonskrav

Høgare musikkpedagogisk utdanning. Søkjarar utan formell kompetanse kan og søkje. Vi har norsk som undervisningsspråk og er ein nynorskkommune. Personleg eignetheit for stillinga vil verte vurdert.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale
God pensjonsordning

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 26.05.2017

Utlyst dato 09.05.2017

Vårref

670/17

Kontaktperson

Kamilla Strømsbo Dale, Fungerande rektor Meland kulturskule, tlf: 56171064, kamilla.stromsbo.dale@meland.kommune.no